



Fylkesmannen i Hordaland

RGS Nordic AS  
Selinevej 4  
DK-2300 København S

Bergen, 13.04.2018

Sendt på epost til [msog@rgsnordic.com](mailto:msog@rgsnordic.com)

Dykkar ref.:

Vår ref.(oppgi ved svar):  
2016/13817  
Sakshandsamar:  
Astrid Holte

## Rapport frå inspeksjon ved RGS Nordic AS - Mongstad

**Kontrollnummer: 2018.030.I.FMHO**

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Morten Sognes

*Frå Fylkesmannen i Hordaland:*  
Astrid Holte, Nina Vadøy

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved RGS Nordic AS på Mongstad den 05.03.2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 2 avvik innan følgjande tema under inspeksjonen.

- Vilkår i løyvet
- Internkontroll

Avvik og oppfølging er nærare omtalte bak i rapporten. RGS Nordic AS må sende skriftleg melding innan 15. juni 2018 på at avvika er retta.

### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Astrid Holte  
Senioringeniør

Nina Vadøy  
Overingeniør

Kopi til: Lindås kommune

# 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

## Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> RGS Nordic AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 980948854	<b>Eigd av:</b> 980461408
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 39.000 - Miljørydding, miljørensing og lignende virksomhet	

## Kontrollert anlegg

<b>Namn:</b> RGS90 Norge AS mottak mellomagring FA Mongstad	<b>Anleggsnr.:</b> 1263.0101.04
<b>Kommune:</b> Lindås	<b>Fylke:</b> Hordaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Farlig avfall – mottak og mellomagring	
<b>Løyve gitt:</b> 31.03.2014	<b>Sist endra:</b> 13.10.2017

# 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for Mottak og mellomagring av farleg avfall 2018. Aksjonen er landsdekkande.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

## Inspeksjonstema

- Farleg avfall: mottakskontroll, journalføring, handtering, lagring, vidarelevering, finansiell sikring
- Utsleppskontroll
- Internkontroll: avvikssystem, risikovurdering, beredskap

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

## Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

# 3. Oppfølging etter inspeksjonen

RGS Nordic AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at verksemda innan

15.06.2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

#### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 05.03.2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda utan løyve etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må RGS Nordic AS betale eit gebyr på kr 22 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

#### **5. Offentlegheit i forvaltninga**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

#### **6. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

##### **Avvik 1**

Verksemda følgjer ikkje alle vilkår i løyvet

##### **Avvik frå:**

Løyvet punkt

- Punkt 1.2 Rammer for verksemda
- Punkt 3.1 Deklarering av farleg avfall, jf. avfallsforskrifta § 11-12 og § 11-13
- Punkt 3.2 Lagring (tid)
- Punkt 3.3 Vilkår ved lagring av farleg avfall (merking)
- Punkt 8 Kjemikal
- Punkt 13.4 Journalføring

## **Kommentar til regelverket:**

### *Rammer for verksemda*

Løyvet gjeld mottak og lagring av farleg avfall. I brev frå Miljødirektoratet 26.10.2016 om overføring av løyvet frå Norsk Gjenvinning AS til Nett Grinda står det at Nett Grinda opplyser at verksemda ikkje vil omfatte behandling av farleg avfall. Oppvarming for å bryte oljeemulsjonar og tilsetning av kjemikal kan reknast som behandling av farleg avfall og det må avklarast med Fylkesmannen om slik aktivitet er innanfor rammene av løyvet før igangsetting.

### *Deklarering og merking av farleg avfall*

I løyvet er det krav om at verksemda ved mottak av farleg avfall skal sikre at avfallet er deklarerert slik at den vidare handteringa kan skje på forsvarleg vis, jf. avfallsforskrifta § 11-12 og § 11-13. I avfallsforskrifta § 11-12 om deklarasjonsplikt står det at emballasjen skal merkast tydeleg med deklarasjonsskjemaets løpenummer. I avfallsforskrifta § 11-13 står det at den som handterer farleg avfall, skal sjå til at avfallet dei tek imot, er deklarerert og at deklarasjonsskjema følgjer med ved vidarelevering av avfallet.

I løyvet er det eit vilkår at lageret for farleg avfall skal være merka slik at det går fram kva som er lagra.

### *Lagringstid*

I løyvet er det eit vilkår at mottatt avfall ikkje skal lagrast lengre enn 12 månader.

### *Kjemikal*

Det er eit vilkår i løyvet at verksemda skal vurdere helse- og miljøegenskapane til kjemikal som kan føre til fare for forureining. Vurderinga skal dokumenterast.

### *Journalføring*

Verksemda har krav i løyvet om å føre journal der alle naudsynte opplysningar for mottak, lagring og vidarelevering av farleg avfall går fram.

## **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

### *Rammer for verksemda og kjemikal*

Verksemda varma opp oljehaldig avfall på tank til 40 grader. Oppvarming til 40 grader er rekna som behandling av farleg avfall, og er derfor utanfor rammene for løyvet, jf. pkt. 1.2. Verksemda opplyste at oppvarming var gjort for å hindre frost, men det er ikkje naudsynt å varme opp til 40 grader for å hindre frost. Anlegget driv med settling av oljehaldig avfall, og oppvarming gjer forholda for settling betre. Oppvarming skjedde over 14 dagar rundt jul/nyttår. Det vart levert ein stor last med oljehaldig avfall frå anlegget i januar. Det vart opplyst at både vassfasen og oljefasen vert levert til Danmark i tråd med eksportløyve frå Miljødirektoratet, og at det ikkje var utslepp til vatn frå avfallet.

Verksemda tilsette eit kjemikal omtalt som «H2S-killer» til det oljehaldige avfallet. Før tilsetning var det ikkje avklart med Fylkesmannen om dette er innanfor rammene av løyvet eller om det vert rekna som behandling av farleg avfall som ikkje er omfatta av løyvet. Verksemda hadde ikkje dokumentasjon/datablad på produktet, som grunnlag for å vurdere helse- og miljøfarlege eigenskapar, jf. løyvet pkt. 8.

#### *Deklarering og lagring av farleg avfall*

Kontroll og oppfølging av mottekne deklarasjonar var mangelfull. Det var ikkje påført underliggende deklarasjonsnummer på samledeklarasjonar frå m.a. Wergeland Halsvik. Vidare var det ikkje sendt kopi av deklarasjonsskjema for farleg avfall motteke i 2016 og 2017 til Miljødirektoratet/Norsas.

Det mangla merking av IBC som var lagra ute på området. Lagerområdet eller emballasjen var ikkje merka med kva slags avfall det inneheldt, jf. løyvet pkt. 3.3. Det var heller ikkje merka med deklarasjonsnummer jf. avfallsforskrifta § 11-12.

#### *Lagringstid*

Oljefasen var lagra i 1 år og vidarelevering var planlagt om ca. ½ år. Avfallet må leverast raskt for at kravet i pkt. 3.2 om maksimal lagringstid på 1 år ikkje skal overskridast.

#### *Journalføring*

Journalføringa var mangelfull, jf. løyve pkt. 13.2. Det var ikkje ført journal om mottak, lagring og vidarelevering av farleg avfall for 2018.

### **Avvik 2**

Internkontrollen for ytre miljø har manglar

#### **Avvik frå:**

Internkontrollforskrifta § 5

#### **Kommentar til regelverket:**

##### *Avvikshandtering og rutinar*

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

##### *Miljørisikovurdering*

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

##### *Krav til dokumentasjon*

Det er krav til skriftleg dokumentasjon av mål for internkontrollen (ledd 4), oversikt over organisasjonen (ledd 5), risikovurdering (ledd 6), rutinar og avvikshandtering (ledd 7) og gjennomgang av internkontrollen (ledd 8).

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Det var opplyst at selskapet i Danmark hadde internkontroll for verksemda på Mongstad, men denne var ikkje tilgjengeleg på nett under tilsynet. Internkontrollen var heller ikkje tilgjengeleg på annan form. Systemet, inkludert rutinar, avvikssystem og risikovurderingar, hadde vore utilgjengeleg på anlegget på Mongstad sidan nyttår. Det blei opplyst at risikovurderinga var oppdatert i 2018 og at anleggsleiar på Mongstad hadde delteke i arbeidet. Rutinar frå 2007 frå førre eigar av anlegget, Norsk Gjenvinning, som dreiv behandling av farleg avfall, var tilgjengeleg, men desse er ikkje relevant og tilpassa ny verksemd og nytt løyve.

## **7. Merknader**

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## **8. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen